

KYRKJEBLAD FOR OS



Utegruppa i Nøtteliten barnehage på tur til Lyse kloster ruinar. 4-6 åringane gjekk frå Røykenes til Lysekloster på Munkestien og tilbake heilt fram til barnehagen.

Les i dette nummeret:

- * Aserbajdsjan - ei ann leis misjonsmark..... s. 7
- * Nøtteliten barnehage s. 8-9
- * Koinonia - mellom to fyr s. 11



Barnehage med lange tradisjonar.

Det er ikkje lett å finna Nøtteliten barnehage om du ikkje har vore der før.

Godt trekt tilbake frå hovudvegen og skjerma av jordvollar og bygningane til Compact, ligg han der på Moldmyro på Søfteland.

Det er lang tid frå denne barnehagen starta, på scena i gymsalen på Søfteland skule, via kjellaren i bedehuset, med tilhaldsstad i to brakker bak skulen i mange år og fram til i dag – ein barnehage med fem avdelingar i nye bygg med store og romslege lokale, då han opna i august 2005.

Det var "Søfteland vel" som starta barnehagen i 1980, eller *førskule* var det eigentleg. Wenche Brunborg overtok i ca 1985 og dreiv barnehage fram til 1999. Då ønskte ho å leggja ned verksemda. Men fleire familiar som hadde born i barnehagen, såg at det var viktig at barnehagen heldt fram – nokre av desse var aktive i Søfteland indremisjon og i kyrkjelyden i Os, og dei fekk arbeidd fram at Indremisjonen og Os sokneråd overtok barnehagen, ved *Stiftinga Nøtteliten barnehage*.

Og slik er det no. Nøtteliten barnehage er ein barnehage med utvida føremålsparagraf, det vil seia at barnehagen legg vid praktisering av lova sitt kristne føremål til grunn for verksemda. Dei tilsette skal leggja vekt på å formidla – ikkje forkynna - kristne grunnverdiar og bibelske forteljingar. Og å synga bordvers er uproblematisk!

Og korleis er livet i Nøtteliten eit godt halvår etter nyopninga?

Styraren, Wenche Aabakken, er veldig nøgd: Vi har det

fint, og eg synest at vi er komne godt i gong i høve til at vi på mange måtar er ein heilt ny barnehage. Då vi flytta inn i nye lokale, fekk vi 65 nye born i tillegg til dei 25 vi hadde frå før, og 13 nye tilsette! Så det var som å starta heilt på nytt!

Men det går fint! Vi har arbeidd medvite rundt å skapa trivsel, sjølvsagt først og fremst for borna, men òg for dei tilsette. Vi har ein fin gjeng tilsette, og eg opplever at vi er komne langt i å knyta alle 21 tilsette saman. Alle fekk eigentleg ny jobb i haust, med nye kollegaer. Frå starten i august var vi på ein måte fem barnehagar i éin, men no arbeider vi oss meir og meir saman alle fem avdelingane. Med så mange nye som skal arbeida saman, vert det lett for liten "vaksentid" til planlegging. Men vi tek til å finna oss sjølv og kvarandre no.

Medan vi sit på Wenche sitt kontor, kjem to nyfikne småjenter trippande – det er mykje å spørja om og mykje å utforska i det romslege bygget. Ikkje minst er det spennande med den lange korridoren! Men dei godtek òg når styraren ber dei gå tilbake, slik at dei vaksne på avdelinga ikkje skal lura på kor dei er blitt av!

Det er tid for å ta ein runde i barnehagen. Det skjer samstundes med at det er full aktivitet i garderobane – godveret skal nyttast før dei varsla regnbøylene kjem! Til å vera 80 born samstundes i barnehagen, er det stille og roleg, og roen finn vi òg ute på plassen der borna raskt er i gong med leiken; dei minste stimar mot sandkassa, dei litt større klatrar opp i klatrestativa eller finn ulike måtar å koma seg ned

rutsjebana på. Andre finn seg ein liten sykkel eller set seg bak rattet i lastebilen. Og dissene er opptekne, heile tida er det einkvan som vil svinga seg. Dei vaksne ser ut til å vera over alt og med auge på og tid for alle som treng dei.

Spørsmål til nokre av dei tilsette gjev same svar frå alle: Her har vi det godt, vi trivst, vi er privilegerte som får arbeida her! To menn finn vi òg mellom dei tilsette – ein av dei heilt frå Frankrike, utan at det er så lett å høyra! Pierre berre smilar; jo, her er det triveleg – å arbeida med born er heilt annleis enn alt eg har gjort før, men det er så flott!

Nokre av borna forsvinn med dei vaksne nedover ein skogsveg. Turar og ikkje minst leik i naturen er eit av dei særlege satsingsområda i barnehagen dette året. Og nede i skogen, litt frå hovudhuset, ligg Trollstuen – uteavdelinga der dei i særleg grad legg vekt på å vera ute i naturen med borna.

I dag er det berre desse vi finn **inne!** Men det har si forklaring – dei har eit bursdagsbarn mellom seg, han er lett å finna der han sit med flott krone på hovudet. Klart han skal ha særleg merksemd før dei går ut! Men borna fortel ivrig om alt dei brukar å gjera ute – gå på tur og tenna bål, og i slutten av veka skal dei gå på Munkestien, der munkane gjekk for mange hundre år sidan. Det gler dei seg til!

Kyrkjebladet sin medarbeidar takkar for seg og ber med seg ei kjensle av at Nøtteliten "nye" barnehage er i ferd med å finna ein god rytme, og at barnehagen er ein stad der både borna og dei vaksne har det godt. Os kyrkjelyd kan vera stolte og takksame over å vera medeigarar i denne barnehagen. Ein fin og viktig del av kyrkjelyden sitt arbeid!

Lill-Karin Wallem

